


LB

Linda B

Til:  vidar.sanvik@lyse.net

Svar



Svar til alle



Vidaresend



sø. 12.04.2026 16:51

Viser til mottatt nabovarsel datera 30.03.2026, oppsetting av badstoge til privat bruk og utleige.

Dersom denne badstoga kun var tenkt til privat bruk, hadde eg ikkje hatt merknader.

Men som dykk skriv, så er det tenkt utleige slik at lokalbefolkningen og tilreisande kan nytte seg av denne.

Sidan det har vore stor auke i turistar dei siste åra pga Hamaren Aktivitetspark, og sannsynleg vekst i folketalet framover pga datasenter og alt det fører med seg, vil det seie at grunnlaget for at dei som har høve til å nytte seg av tilbud om badstoge er større enn det tidlegare hadde vore.

Dette vil kunne føre til stor trafikk av folk og då parkering, rett ved min eigedom. For min del ser eg på dette som sær forstyrrende av privatlivets fred.

Parkering: Etter samtale forstod eg at parkering blir på grasbakken rett inn frå hovudveg slik det er i dag. For ukjende, korleis vite kor eigedomsgrensene går? Det har allereie vore eksempel på ukjende som har parkera i mitt tun for å nytte seg av badeplassen dykkar.

Sidan det er nemnd at tiltaket kan vere til glede for vinterbadarane, kva med brøyting av parkeringsplass og dumping av snoen.

Toalett/hygiene/støy: Kan oppstå utfordringar knytt til forsøpling og bruk av privat eigedom som toalett. Det er ikkje skissera noko rundt toaletttilgang. Badstogegjester kan og føre til auka støy, spesielt seint på kvelden; musikk eller høglytt prat o.l.

Badstoge slik dette er tenkt er eit fint tiltak, men eg ynskjer ikkje dette så tett på meg og mitt som dette vil bli.

Mvh

Linda Berge